

**Dance With A Stranger rockar igjen! Nye låtar saman med hit` s frå 80-og 90 talet, kor og keyboard i tillegg til herrane ELG, Alnæs, Moe og Jenssen – like leikne og samspelte som alltid – det svingar meir enn nokon gong! Dei som legg turen til Dønhaug Gjestegard neste laurdag, 9. juni, har verkeleg noko å sjå fram til. Det ligg an til å bli årets happening. Det er eit spanande arrangement også frå ein annan synsstad – det er den første konserten utandørs!**

Eventyret med Dance With A Stranger starta på midten av 80- talet. Det verkelege gjennombrøtet kom i 1988 då bandet blei lansert under Spelemannsprisen med låten *Everyone Needs a Friend*. Dette resulterte i intens radiospeling og låten har vorte ein norsk popklassikar.

Debutalbumet selde til meir enn 125 000 eks. og vart belønna med Spelemannsprisen. Bandet har gjeve ut sju album og seld til saman over ein million eksemplar.. Dei har hatt "Topp 10" plasseringar i fleire land med låtar som *Everyone Needs a Friend*, *The Invisible Man*, *Only Love and Lovers in the Night*. Heile tre Spelemannsprisar (årets Spelemann 1991) har dei motteke, og gjennomført utallige turnear/konsertar/TV-shows i inn- og utland.

I 1995 tok tok bandet "time out" etter mest ti år "på vegen" I 1997 vart likevel *The Best Of* gitt ut, og i 1999 kom albumet *Happy Sounds*. I desse dagar er dei i studio og jobbar med eit nytt album. Så etter nesten ti år i "slumringstilstand" bles dei no i 2007 liv i "bandskuta" igjen og dreg ut på ein to mnd. turne i okt/nov. Men Dønhaug har vore heldige og "sikra seg ein tjuvstart" på turneen.

Dance With A Stranger hentar inspirasjon frå blues og jazz, soul, rock og pop. Resultatet er groovy og intenst, og responsen bandet får viser at DWAS rett og slett er i ein særklasse.

På utekonserten denne kvelden vil bandet ESTHER frå Bergen vera supportband og varma opp publikun. Bandet har nyleg laga ny CD og video , og vil vera kjend blant den yngre garde, bl.a. frå FestiDalen sist år. Uskedalsjenta Camilla Myklebust, er ein av artistane i bandet. Mange frå den "litt eldre garde" har opplevd hennar musikk i Dønhaugkjedlaren, og lete seg imponera.

- Førehandssalet av billetter er godt i gang, og vertskapet på Dønhaug legg opp til å ta imot inntil 1000 gjester denne kvelden, seier Magne Huglen.

Han vonar at dei aller fleste av desse vil sikra seg billetter på førehand. Det er begrensa med parkeringsplassar på tunet og gjestene som har med bil blir oppfordra til å parkera i Uskedalen sentrum. Etter konserten vert det sett opp bussar både innover og utover i kommunen.